



Arkivnr: 2018/146-17

Saksbehandlar: Ronny Skaar

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		12.02.2019
Fylkesutvalet		20.02.2019

### Tilskot til Tall Ships Races 2019

#### Samandrag

Det er motteke søknad frå The Tall Ships Races, v. prosjektleiar om støtte til gjennomføringa av arrangementet i Bergen 21. – 24.juli 2019. Det er søkt om ei støtte på 1.5 millionar kroner frå Hordaland fylkeskommune.

Tall Ships Races er eit viktig arrangement med solid internasjonal og regional forankring. Bergen kommune har god røynsle med dette arrangementet som har vore arrangert fire gonger før i Bergen. Arrangementet i 2014 var særst vellukka.

For arrangementet i 2019 er det uttrykt eit klårt ønskje om ein meir målretta regionmal satsing, mellom anna ved medverknad kulturelt og praktisk frå ungdom i regionen. Hordaland fylkeskommune er allereie invitert inn i hovudkomiteen og i kulturkomiteen og har gitt råd til arrangør om aktuelle miljø og ressursar regionalt. Slik sett kan det mobiliserast deltaking, kulturell medverknad og kulturhistoriske ressursar regionalt.

Hordaland fylkeskommune bør støtta dette initiativet, og fylkesrådmannen gjer framlegg om ei løyving på kr 750.000 frå fylkesutvalet sin rådveldekonto.

**Økonomi:** Løyvinga vert teke frå budsjetterte tilskotsmidlar

**Klima:** Tiltaket har miljøprofil og fokus på berekraft

**Folkehelse:** Tiltaket gjev gode høve til oppleving og medverknad for mange

**Regional planstrategi:** Skapar attraktive sentre

#### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 750.000 til Tall Ships Races Bergen 2019.

Budsjettet vert endra slik:

10.720.200.00.14900 Fylkesutvalet sin rådveldekonto går ned med kr 750.000,-

10.400.735.00.14700 Kulturverksemder og kulturtiltak aukar med kr 750.000,-

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 18.01.2019

Bergen kommune, ved prosjektleverandør CoEvent, søker Hordaland fylkeskommune om NOK 1.500.000 til Tall Ships Races Bergen 2019.

### Om Tall Ships Races

For femte gong skal Bergen vera offisiell vertshavn for ungdomsarrangementet The Tall Ships Races. Bergen var sist vertskapsby for dette arrangementet i 2014, eit arrangement med nærmare 600 000 vitjande i løpet av fire dagar.

Arrangementet kjem til Bergen den 21. – 24. juli i 2019 og det er forventa mellom 70 og 100 av verdens største og vakraste seglskuter, med nærmare 3000 menneskap om bord i alderen 15 - 25 år, frå over 30 ulike nasjonaliteter, og over 500.000 publikummarar over fire dagar.

Hovudføremålet med The Tall Ships Races er «å få ungdom mellom 15 - 25 år til å møtes gjennom seiltrening for utvikling og utdanning på tvers av deres nasjonalitet, kultur, religion, kjønn eller sosial bakgrunn». Bergen skal bidra til å rekruttere og finansiere minimum 100 medseilarar i denne aldersgruppa. Desse ungdommane får oppleve å seile Cruise in Company etappen mellom Fredrikstad og Bergen - kor dei mellom anna er innom fleire hamner i Hordaland - eller regattaetappen frå Bergen til Aarhus der dei kan vere med å kjempe om etappesigeren i konkurransen.

Arrangøren legg vekt på forankring i heile regionen, og vil involvere fleire kommunar i Hordaland til å ta del ved å invitere til skutefest i dagane før hovudarrangementet i Bergen. Som offisiell «Cruise in Company hamn» kan kommunar få besøk av ein eller fleire av skutene som tek del i regattaen. Det er mellom anna dialog med Austevoll kommune, Sund, Fjell, Øygarden og Askøy kommune, Os kommune og Visit Sunnhordland som fannar om alle kommunane i Sunnhordland, om å delta som «Cruise in Company» hamner, og arrangøren håper at minst 5-6 hamner vil vera med å bidra til at store deler av Hordaland får en smak av The Tall Ships Races 2019 også i sitt nærrområde.

### Medverknad frå Hordaland fylkeskommune

Eit tilskot frå Hordaland fylkeskommune vil bli nytta til aktiviteter av regional karakter og spesielt ungdomsrelaterte aktiviteter som mellom anna:

- å bidra til at over 100 unge medseglarar mellom 15 og 25 år frå heile Hordaland får segle regatta med verdens største seglskuter frå Fredrikstad til Bergen og frå Bergen til Aarhus.
- å bidra til å lære opp og engasjere ungdommar rundt bærekraftig bruk av havet og sette fokus på løysningar på miljøutfordringane i havet. Det er sett i gong ein innovasjonskonkurranse med vide råmer – alt frå introduksjon av bærekraftige materialar, nyvinnande gjenbruk av eksisterande ressursar eller infrastruktur – til nye former for energieffektivisering i skipsfart. Arrangøren har fått med mentorar frå forskings- og innovasjonsmiljø i Hordaland som vil følge konkurransedeltakarane gjennom heile prosessen.
- å bidra til å la ungdomsband frå Hordaland få eksponera seg for eit stort og internasjonalt publikum frå tre scener som vil vere sentralt plassert rundt Vågen (Festningskaien, Koengen og Bryggen), og bidra til kulturutveksling mellom ungdomsband frå Hordaland og ungdomsband frå Aarhus og gje dei høve til internasjonal røynsle. Bergen er den første byen i Norges i det internasjonale nettverket «Music city», der vennskapsbyen Aarhus allereie har vore med i fleire tiår. Utalte ungdomsband vil få høvet til å mønstre på som medseglarar på en av skutene og bli med frå Bergen til Aarhus, og få delta på arrangementet i Aarhus.

Hordaland fylkeskommune er representert i kulturkomiteen til TSRB2019 og er i dialog om å la deltakarar frå UKM Hordaland knytast til dette tiltaket.

Hordaland Fylkeskommune var bidragsyter under The Tall Ships Races Bergen i både 2008 og 2014. For arrangementet i 2019 er det lagt ned mykje ressursar i utvikling av miljøatsinga, Blått Hav, som blir en veldig viktig og synlig del av arrangementet. Arrangøren ønskjer eit samarbeid med Hordaland Fylkeskommune for å bruke arrangementet som ein regional plattform for både

medseglarprogrammet, Blått Hav prosjektet og kulturutveksling. Mellom anna sit representantar frå dei maritime vidaregåande skolane i komiteen som jobbar med planlegginga av medseglarprogrammet. I tillegg ønsker arrangøren at UKM vil kunne knyttes tettare opp mot arrangementet.

### **Arrangør og organisasjon**

The Tall Ships Races Bergen 2019 blir arrangert av Bergen kommune i nært samarbeid med Bergen Havn, Sjøforsvaret og Kystverket. Prosjektleverandør er CoEvent AS, eit selskap som har meir enn 15 års erfaring med arrangement i inn- og utland. Prosjektleiari for The Tall Ships Races Bergen 2019 er Morten Dahl Sebjørnsen. Han har god erfaring frå store arrangement, blant annet som nøkkelperson i planlegging og gjennomføring av oljemessen Offshore Technology Days i 7 år. Det er satt ned ein prosjektstab med 6 fast tilsette i ulike stillingar, og 2 innleigde konsulentar, mellom anna på tryggleik og beredskap, som er eit fokusområde for prosjektet.

Organisasjonen er elles sett saman av eit arbeidsutval og fleire ulike underkomitear som jobbar med bl.a. tryggleik, medseglarar, kultur og mannskapsprogram, fasilitetar og logistikk, hamn, marknadsføring og presse, Cruise in Company, m.v.

Hovudkomiteen for The Tall Ships Races Bergen 2019 består av:

Byrådsleder (komitéleder), Harald Schjelderup

Ordfører, Marte Mjøs Persen

Fylkesordførar, Anne Gine Hestetun

Byråd for klima, kultur og næring, Julie Andersland

Byråd for byutvikling, Anna Elisa Tryti

Byråd for finans, innovasjon og eiendom, Dag Inge Ulstein

Byråd for skole, barnehage og idrett, Roger Valhammer

Fylkesdirektør, kultur- og idrettsavdelinga HFK, Per Morten Ekerhovd

Kommunaldirektør for byrådsleders avdeling, Robert Rastad

Kommunaldirektør for klima, kultur og næring, Harm-Christian Tolden

Kommunaldirektør for byutvikling, Anne Iren Fagerbakke

Kommunaldirektør for finans, innovasjon og eiendom, Tor Corneliussen

Kommunaldirektør for skole, barnehage og idrett, Trine Samuelsberg

Direktør Bergen Havn, Johnny Breivik

Kommandanten på Bergenhus festning, Åsmund Andersen

Sjef for Haakonsvern Orlogsstasjon, kommandør Svein Erik Kvalvåg

Daglig leder, Bergen sentrum politistasjon, Lars Morten Lothe

Brannsjef, Leif Linde

Direktør SS Statsraad Lehmkuhl, Haakon Vatle

Direktør Bergen næringsråd, Marit Warncke

Tidligere Direktør Bergen Reiselivslag, Ole Warberg

Daglig leder Maritimt Forum Bergensregionen, Harald Victor Hove

Daglig leder Idrettsrådet, Roar Andersen

Sjef for idrettsseksjonen, Rune Titlestad

Sjef for samfunnsikkerhet og beredskap, Ivar Lunde

Sjef for informasjonsseksjonen, Eva Hille

Losoldermann Kystverket, Kjell Asle Djupevåg

Kirkevergen, Asbjørn Vilkenen

Festningsforvalteren, Bergenhus festning, Vidar A.S. Fyllingsnes

### **Budsjett**

Arrangementet har per i dag ei budsjetttramme på NOK 23 120 000. Bergen Kommune bidreg med NOK 13 420 000. Dei øvrige midlane er forventa gjennom sponsorat og tildelingar.

Bekreftede sponsorer per i dag er: Hansa Borg Bryggerier AS, Radisson Blu Royal Hotel Bryggen, Sparebanken Vest og Haugland Gruppen.

### **Fylkesrådmannen si tilråding**

Tall Ships Races er eit viktig arrangement med solid internasjonal og regional forankring. Bergen kommune har god røynsle med dette arrangementet som har vore arrangert fire gonger før i Bergen. Arrangementet i 2014 var særst vellukka.

For arrangementet i 2019 er det uttrykt eit klårt ønskje om ein meir målretta regionmal satsing, mellom anna ved medverknad kulturelt og praktisk frå ungdom i regionen. Hordaland fylkeskommune er allereie invitert inn i hovudkomiteen og i kulturkomiteen og har gitt råd til arrangør om aktuelle miljø og ressursar regionalt. Slik sett kan det mobiliserast deltaking, kulturell medverknad og kulturhistoriske ressursar regionalt.

Hordaland fylkeskommune bør støtta dette initiativet, og fylkesrådmannen gjer framlegg om ei løyving på kr 750.000 frå fylkesutvalet sin rådveldekonto.